

Torkjel Austad med røter i Bygland:

Har starta opp eige ølbryggeri



Torkjel Austad har starta opp ølbryggeri saman med Aleksandr Likhachev. Logoen til Bygland Bryggeri er ein tradisjonell ølbolle som den på biletet. (Foto: Martyn Cornell)

Torkjel Austad med røter i Bygland har starta opp Bygland Bryggeri saman med Aleksandr Likhachev. Heile drifts- og produksjonskonseptet kviler på mange hundre år gamle ølbrygge-tradisjonar.

Av Ole Birger Lien

Bryggeriet vart etablert i sommar, og debuterer med norsk gardsøl brygga hjå EGO Brygghus i februar neste år.

-No er me i gang med å få på plass avtalar for distribusjon, og er i samtalar med aktørar som Gulating Brennåsen og Arendal, seier Austad. Han strekar under at om restaurantar eller daglegvarebutikkar i Setesdal ynskjer å få Bygland Bryggeri sitt øl i hyllene, bør det vere råd å få til det.

-Ta kontakt med oss, eller med folk i butikkssystemet som tar seg av dette, øl frå Bygland Bryggeri bør ein absolutt kunne få kjøpt i Setesdal, meiner han.

Fekk ølfaglege råd frå vidgjeten bryggar

Som del av ei slag "dannelsesreise" i ølbrygginga sitt rike fann Torkjel Austad fram til ein vidgjeten ølbryggar i Hylestad. Jon K. Rysstad (biletet) er kjend for å brygge

sterkt og godt øl av svært høg kvalitet, og er det noko denne karen ikkje gjer, så er det å brygge øl på slump. Rysstad bygger på eldgamle tradisjonar, og får altså fram eit særeige produkt som går for å vere noko heilt spesielt.

-Eit flott, bryggfagleg lærerikt og ikkje minst veldig inspirerende møte for meg, seier Torkjel Austad.

Han strekar under at oppskrifta på ølet "Sveikadden" ikkje kjem frå Jon K. Rysstad, men er Bygland Bryggeri sin eigen versjon av Vossøl.



Logoen til Bygland Bryggeri er ein tradisjonell ølbolle med setesdalsfargane svart, grøn og raud.

-Namnet Bygland har dobbel tyding for oss. Eg har røtene mine der, og namnet Bygland kjem av byggland. Øl er i all hovudsak laga av byggmalt, seier Austad.

Han legg til at Bygland Bryggeri satsar på tradisjonelt norsk øl, brygga med einerlåg og norsk urgjær (kveik).

"Sveikadden"

Den første ladninga øl Bygland Bryggeri skal selje i Noreg har fått namnet "Sveikadden".

-Etiketten seier mellom anna "Det er av og til heller filli stelt med sveikaddane, men ikkje med denne"! Norsk gardsøl, brygga med fjelleiner frå Austadheia og kveik frå Voss gjev eit fruktig og balansert øl som passar til dei fleste høve. No er me spente på responsen, og skal utvikle verksemda vår vidare, alt med kjærleiken til det norske ølet som utgangspunkt for det me driv på med, seier Torkjel Austad.